



Arkivnr: 2014/16490-97
Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015
Fylkestinget		08.12.2015

Regional plan for vassregion Hordaland 2016 - 2021

Samandrag

Forslag til regional plan for vassregion Hordaland og Tiltaksprogram for vassregion Hordaland var på høyring i 2014 (handsama av Fylkesutvalet i møte 19.06.2014 – PS 164/2014) og på 2. gongs høyring i 2015 (handsama av Fylkesutvalet i møte 19.05.2015 – PS 129/2015). Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. Planen er den første av 3 slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021. Planen vert sendt til Klima- og miljøverndepartementet for godkjenning.
2. Fylkestinget vedtar Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021.
3. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram for vassregion Hordaland 2016-2018.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.


Vedlegg:

1. Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021
2. Tiltaksprogram for Vassregion Hordaland 2016-2021
3. Handlingsprogram 2016- 2018
4. Høyringsrapport til regional plan for Vassregion Hordaland, oppsummering av fråsegn 1. gongs høyring
5. Høyringsrapport til regional plan for Vassregion Hordaland, oppsummering av fråsegn 2. gongs høyring
6. Norconsult-rapport: Vassregion Hordaland – Regionale prioriteringar av vasskraftrevisjonar
7. Meir informasjon på www.vannportalen.no/hordaland og www.vann-nett.no

Fylkesrådmannen, 15.10.2015

Bakgrunn

Vassdirektivet er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande 22. desember 2000. Vassdirektivet vart gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følge opp direktivet vedtok vi i Noreg i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (Vassforskrifta) som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Denne forskrifta gjev føringar for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning. Det skal lagast regionale planar med tilhøyrande regionale tiltaksprogram for kvar av dei 11 vassregionane i Noreg. Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unntak. Store delar av Odda kommune (blant anna Røldal) ligg i vassregion Rogaland. Dessutan har delar av Vindafjord kommune i Rogaland blitt med i vassregion Hordaland av geografiske grunnar for å samle fjorden. Det er fleire mindre avvik mellom fylkesgrensa og vassregiongrensa mot Sogn og Fjordane, Telemark og Buskerud.



Figur 1 Kart over inndelinga i vassområde i vassregion Hordaland

Vassforvaltning etter vassforskrifta er no inne i andre planperiode. Den første planperioden vart kalla «pilotfasen» og gjaldt berre nokre få utvalde område. I Hordaland var berre Nordåsvatnet vassområde i Bergen kommune med i første planperiode. Dette er difor den første planperioden der alle område og vassførekomstar er med.

Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. Denne planen er den første av 3 slike planar for vassregion Hordaland. Planen er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Planrunde	Plan vedtak	Gjennomførast
1	2015	2016 - 2021
2	2021	2022 - 2027
3	2027	2027 - 2033

Milepæler og tidsplan for arbeidet



	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Ansvarleg
Oppstart av ny vassregion, vassområde, oppgåveavklaring	■	■					VRM
Planprogram (§28)		■	V				VRM
Karakterisering (§15)	■	■	■	■	■		FM og VOU
Klassifisering	■	■	■	■	■		FM og VOU
Lage regionale overvåkingsprogram (§ 18)				■	■	■	FM og VOU
Overvaking	■	■	■	■	■	■	FM
Analyse av trendar - samfunnsutvikling og påverknader (§15)			■	■	■		VO, sektorar og VRM
Vesentlege spørsmål (§ 28)		■	■	V			VRM/FM/VO
Utarbeide lokale tiltaksanalyser			■	■	V		VOU
Utarbeide forvaltningsplan med tiltaksprogram					■	■	VRU, VRM

Regional plan for Vassregion for Hordaland 2016 – 2021 skal godkjennast av regjeringa innan mars 2016.

Tabell: Detaljert framdriftsplan og arbeidsfordeling 2010-15 .

Forklaring: Grøn = arbeid, rosa m/diagonale strekar = høyring, VRU = vassregionutvalet, VRM = vassregionmyndigheit, VOU = vassområdeutval, V = vedtak.

Det har vore fire offentlege høyringar i arbeidet

1. Planprogram på høyring 1.1 – 30.6.2011
2. Vesentlege vassforvaltningsspørsmål, på høyring 1. juli – 31. desember 2012
3. Forvaltningsplan og tiltaksprogram på høyring 1. juli – 31. desember 2014
4. 2. gongs høyring av miljømål, tiltak og verknad for vasskraft samt handlingsprogram 15. juni – 20. september 2015.

Resultatet av prosessen med vesentlege vassforvaltningsspørsmål saman med dei lokale tiltaksanalysane for vassregion Hordaland og databasen Vann-Nett er det viktigaste grunnlaget for regional plan og tiltaksprogram. Dei lokale tiltaksanalysane kan ein sjå på nettsida www.vannportalen.no/hordaland

Dokumenta etter vassforskrifta får ulik handsaming og vert godkjent på ulike nivå:

	Vassområde utvala	Vassregionutvalet	Fylkestinget (plan)	Regjeringa
Tiltaksanalysane	Godkjenning			

Regional plan for vass- region Hordaland		Innstilling	Vedtak	Godkjenning
Tiltaksprogram for vassregionen		Innstilling	Vedtak	
Overvåkingsprogram		Godkjenning		

Kunnskapsgrunnlaget

Det viktigaste faktagrunnlaget for planen er data som er samanstillt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdata- basen for vassforvaltning - vann-nett (www.vann-nett.no/saksbehandler). Denne databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet, enten basert på overvakingsdata eller på faglege vurderingar. Fylkesmannen har hatt hovudansvaret for innlegging av data i Vann-Nett, men alle kommunar, sektormynde og forskningsmiljø har bidratt. Vassforskrifta har gitt eit stort kunnskapsløft og gjort kunnskapen tilgjengeleg i ein open database.

Dei tre påverknadene som omfattar flest vassførekomstar i vassregionen er:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)
3. Forureining

Sur nedbør kan vi ikkje påverke i særleg grad med tiltak innanfor vassregionen. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og trua artar i vassregionen.

Tabellen viser tilstanden til alle vassførekomstar i vassregion Hordaland (Vann-Nett pr 28.02.2014)

	Tal	Lengde (km)	Prosent	Tal	Areal (km ²)	Prosent	Tal	Areal (km ²)	Prosent
Svært god	22	2388	2,1	7	5,8	1,2	2	290	1,4
God	377	12169	36,1	280	154,9	49,3	88	2819	59,5
Moderat	426	11054	40,8	152	88,6	26,8	38	1053	25,7
Dårleg	195	2253	18,7	98	147,3	17,2	1	110	10,1
Svært dårleg	10	61	1	17	26,1	3	3	90,4	2
Uklassifisert	14	119	1,3	14	14,9	2,5	1	14	0,7

Verknad av planen

Godkjent forvaltningsplan skal leggjast til grunn for sektormynde/kommunen sitt arbeid, men vedtak om gjennomføring av enkelttiltak treffast først av ansvarleg myndigheit i påfølgjande sakshandsaming etter relevant lovgiving. Sektormyndigheiten vil vurdere meir konkret fordelar og ulemper påfølgjande saksbehandling av det enkelte tiltak. Tiltaksprogramma skal kun innehade forslag til typar av tiltak, og ikkje ha eit detaljeringsnivå som foregriper sektormyndigheita si påfølgjande saksbehandling av det enkelte tiltak. Sektormynde si sakshandsaming vil avklare og vurdere fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg vedtak. Den konkrete kost-nytte-vurderinga for kvart tiltak vil skje her før endeleg vedtak. Her vil det også leggjast vekt på andre omsyn enn dei som er vektlagt i regional plan. Sektormynde kan difor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.

Det er adgang til å fråvike planane, men ved rullering av planen må ein grunngje korleis tiltak ikkje er iverksatt. Årsak til avvik kan vere utforholdsmessige kostnader (negativ samfunnsnytte), tekniske årsaker eller uforutsette miljøkonsekvensar. Tiltak skal rapporterast til vassregionmyndigheiten (fylkeskommunen) i 2018.

Innhald i planen /plandokumenta :**1. Handlingsprogram**

Plan- og bygningslova § 8-1 pålegg at det til alle regionale planar skal følgje med eit vedteke handlingsprogram. Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å ta handlingsprogrammet opp til rulling. Handlingsprogrammet viser kva oppfølging planen krev og utpeikar ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen. Det er òg utpeika kvar ressursbehovet ligg. Arbeidsfordelinga kjem fram av tabellen på side 4-6. Oppgåvene er ikkje lista etter prioritert rekkefølge. Handlingsprogrammet fokuserer på sjølve planprosessen, og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet. Handlingsprogrammet har ikkje vore på høyring før.

Ein adressat hadde merknader til handlingsprogrammet i høyringsrunden. Merknaden ble tatt til følge.

2. Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Miljømåla er den viktigaste delen av dokumentet Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 Den regionale planen for vassregion Hordaland (vedlegg 1) set miljømål for 1806 vassførekomstar i Hordaland. Miljømåla er satt etter vassforskriftas §4-6. Unntak frå standard miljømål er satt etter § 8-11. Den regionale planen legg føringar for miljømåla som skal vere nådd. Frist for å nå standard miljømål er for nokre vassførekomstar utsett til seinare planperiodar.

Planen set miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn Over halvparten av vassførekomstane i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for å ikkje oppnå miljømåla i 2020 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsakene sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining, miljøgifter og område med kosthaldsråd.

For område som alt har svært god eller god økologisk tilstand vert dagens tilstand vidareført som mål for tilstand i 2021. Alle dei 825 vassførekomstane som er i risiko for å ikkje nå miljømål får i denne planen definert mål for miljøtilstanden.

Miljømål for Vassregion Hordaland for vassførekomstar i risiko for å ikkje nå god tilstand i 2021:

Vassområde	Voss-Osterfjorden	Vest	Sunnhordland	Nordhordland	Hardanger	Sum
Standard miljømål, god eller svært god tilstand innen 2021	24	151	7	74	74	330
Godt økologisk potensial innen 2021	86	35	55	27	1	204
Strengere miljømål eller brukermål	4	22	4	0	0	30
Miljømål (GØP/GØT) etter at unntak er gitt (§9) utsatt frist 2027	16	35	12	34	103	200
Mindre strenge miljømål, §10. MSM	13	3	13	11	21	61
Totalt antall	143	224	91	146	5	

Alle sterkt modifiserte vassførekomstar har fått konkretiserte miljømål. I sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) er ikkje god økologisk tilstand (GØT) mogleg å oppnå, og desse får godt økologisk potensial (GØP), som miljømål. I nokre tilfelle vil det heller ikkje vere mogleg å oppnå GØP, og mindre strenge miljømål (MSM) vert nytta, td. i takrenneprosjekt, der vassførekomsten er tørrlagt. Kva GØP skal vera i dei

ulike SMVF må definerast for kvar enkelt førekomst – som eit konkretisert miljømål. Kva det konkretiserte miljømålet skal vere, er ei vurdering av kva tilstand det er mogleg å oppnå i den aktuelle førekomsten, for mange er det same tilstand som dagens situasjon. Konkretiseringa er knytt til fisk der vi har kunnskap om tilhøva for fisken. I vassførekomstar som ikkje har fisk, eller der vi ikkje har kunnskap, er det brukt minimum standarden for «Godt økologisk potensial» som er «Fungerande akvatisk økosystem».

Planarbeidet har vist at det nasjonalt er behov for nye verkemidlar knytt til følgjande område:

1. Auka midlar og heimel for opprydding av miljøgifter
2. Verkemidlar i landbruket
3. Forenkla innføring av standard naturforvaltingsvilkår for konsesjonar
4. Nasjonal satsingsplan på vassforvaltning inkludert meir midlar til kommunane sitt arbeid.

3. Overvakingsprogram

Etter vassforskrifta § 18 skal det regionale overvakingsprogrammet gje ei heilskapleg overvaking av tilstanden i vassførekomstane i vassregionen. Programmet skal omfatte relevante økologiske, kjemiske, kvantitative og fysiske parametrar i vassførekomstane. Overvakingsprogram ligger på www.vannportalen.no/hordaland og vil bli endeleg oppdatert etter vedtak av planen i Fylkestinget. Førebels utgåve er handsama av Vassregionutvalet

4. Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021

For å nå miljømåla er det laga eit regionalt tiltaksprogram. Tiltaka skal bidra til å sikre eller oppnå god miljøtilstand for vassdrag, kystvatn og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for betre vassmiljø i innsjøar, vassdrag, kystvatn og grunnvatn i vassregion Hordaland. Problemkartlegging er eit vanleg tiltak. Sektormyndene si sakshandsaming vil avklare og vurdere fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg vedtak. Den konkrete kost-nytte-vurderinga for kvart tiltak vil skje her før endeleg vedtak. Her vil det også leggjast vekt på andre omsyn enn dei som er vektlagt i regional plan. Sektormyndene kan difor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.

Totalt har tiltaksprogrammet 1026 tiltak med denne fordelinga på vassområde og kystvatn, innsjøar, vassdrag og grunnvatn. Kapittel 5 lister alle dei ulike tiltaka i tiltaksprogrammet.

Vassområde	Kyst	Innsjø	Elv	Grunnvatn	Sum
Vest	28	80	224	1	333
Nordhordland	26	49	81		156
Sunnhordland	22	31	87	1	141
Voss- Osterfjorden	6	49	49		104
Hardanger	26	72	192	2	292
Sum tiltak	108	281	633	4	1026

Kunnskapsinnhenting/problemkartlegging er viktig for det vidare arbeidet og viktig i tiltaksprogrammet, sjølv om problemkartlegging ikkje er eit rapportpliktig tiltak for Noreg til EU. Kunnskapsinnhenting, er

Tiltaksgruppe- namn	Elv	Innsjø	Kyst	Sum
Administrative tiltak	100	52	23	175
Avfallshandtering	1			1
Avlaupstiltak i spreitt busetnad	35	12	13	60
Avlaupstiltak	18	16	10	44
Biotoptiltak	91	3		94
Eutrofieringstiltak		6		6

foreslått for 385 vassførekomstar i vassregionen.

Fiskepassasje	20	1		21
Fisketiltak	8	12		20
Forureina sjøbotn			6	6
Generelle landbrukstiltak			2	2
Gjødslingstiltak	42	8		50
Grunnforureining	6	2	1	9
Informasjonstiltak	14			14
Internasjonale avtaler	20			20
Kalking	3			3
Kunnskapsinnhenting	186	100	37	323
Miljøtilpasset jordarbeiding	1	1		2
Overvatn tiltak	13	9	3	25
Punktkilder forurensning	12	3		15
Redusere fremmede arter	3	2		5
Redusere industriutslipp	1		12	13
Sigevannstiltak	1			1
Temperaturregulering	2			2
Tilsyn/konsesjon			1	1
Tiltak mot genetisk interaksjon	4			4
Tiltak mot utslipp veianlegg	2			2
Vannstandsbegrensninger		9		9
Vassføring	53			53
Vegetasjon og markdekke	10	4		14
				0
Sum	646	240	102	

Etter ynskje i frå fleire adressatar vedtok Fylkesutvalet på møte 19. mai 2014 ei ny høyring . Den andre høyringsperioden var frå 1. juli til 20. september 2015. Berre miljømåla, tiltaka og ein omtale av planen i forhold til vasskraft var på avgrensa 2. gongs høyring. Handlingsprogrammet vert høyra samstundes.

På andre gongs høyring kom det 23 skriftlege høyringsinnspel frå 10 kommunar samt 7 aktørar frå næringslivet og 6 statlege sektormyndigheiter. Dei mest omfattande og konkreta forslag til endringar kom frå vassdragsregulantane Det er og i forhold til vassdrag med vasskraftinteresse dei største endringane planen ble endra mest etter 2. høyringsrunde. Det er mange andre innspel om konkrete vassførekomstar og planen er endra i høve til høyringsutgåva. Høyringsrapporten gir oversikt over alle fråsegn og gjer greie for korleis dei er tatt omsyn til.

For begge høyringsrundane er det laga oppsummerande høyringsrapport .

Verknad for vasskraft

Regional prioritering av vassdrag aktuelle for revisjon av vilkår for vasskraft er vurdert på nytt. Norconsult vart engasjert som ekstern, uavhengig konsulent for å gå gjennom den regionale prioriteringa og vurdere nytte og kostnad. Dei faglege vurderingane i Norconsult-rapporten er innarbeidde i det reviderte nye

framlegget. 3 vassdrag som var prioritert i 1. høyring er ikkje lenger prioritert. I etterkant av 2. gongs høyring har vassregionmyndighetene gått inn i bakgrunnen for prioritering av vassdrag for revisjon i den nasjonale rapporten. Vassregionmyndigheita vurderer det no slik at dei nasjonalt prioriterte vassdraga i rapport 49/2013 som tema «landskap/friluftsliv» som årsak til prioriteringa, nå må nedprioriterast av formelle grunnar. Det kan vere gode grunnar til at vassdraga er i nasjonal prioriteringsgruppe 1.1 (topp prioritert), men vassforskrifta har vassøkologi og reint vatn som hovudformål. På bakgrunn av dette får 3 vassdrag i nasjonal prioritering 1.1 med landskap/friluftsliv som viktigaste interesse no regional prioritering 1.2 Brukarinteresse kan vere støtteparametre, men ikkje viktigaste parameter.

Konsesjon	Nasjonal prioritet	Vassområde prioritet 1. høyring	Vassregion prioritet 2. høyring	Vassregion prioritet oktober 15
Eidfjordvassdraget	1.1	1.1	1.1	1.1
Sørelva (Litledalsvassdraget)	1.1	1.1	1.1	1.1
Etne				
Matrevassdraget, Masfjorden	1.1	1.1	1.1	1.1
Maurangervassdraget, Kvinnherad	1.1	1.1	1.1	1.2
Tysso i Odda	1.1	1.1	1.1	1.2
Blådalsvassdraget, Kvinnherad	1.1	1.1	1.1	1.2
Bergsdalsvassdraget (Daleelva), Vaksdal	1.2	1.1	1.2	1.2
Steinsland-Modalsvassdraget, Modalen	1.2	1.2	1.2	1.2
Eksingedalsvassdraget, Vaksdal	1.2	1.1	1.1	1.1
Teigdalselva, Vaksdal	1.2	1.1	1.1	1.1
Gaupåsvassdraget, Bergen	x	1.1	2.2	2.2
Vaksdalsvassdraget	x	1.1	2.2	2.2. Bør vurderast ved nye søknader i vassdraget

Tabell *Tilrådd vilkårsrevisjon for vasskraftkonsesjonar. Merk endra regionale prioriteringar mellom 2. høyring og siste innstilling for Blådalsvassdraget, Maurangervassdraget og Tysso.*

Problemkartlegging er det vanlege tiltaket i planen for vassdrag som er påverka av vasskraft. Det er forslag om problemkartlegging i dei fleste vasskraftpåverka vassførekomstane der det er heimel for det. Føremålet med problemkartlegginga vil i hovudsak vere å undersøke tilhøva for biologien i vassførekomsten. Problemkartlegging vil auke kunnskapen om biologien i vassdraga, slik at ein får kunnskap for å vurdere om det er naudsynt med tiltak og gjer det lettare å identifisere presise kostnadseffektive tiltak for å betre dei biologiske tilhøva i dei regulerte vassdraga. Spesielt vil tiltak for å betre tilhøva for fisk vere av interesse.

Prioritering av aktuelle vassdrag for revisjon av konsesjonsvilkår:

1. 3 av dei 6 vassdraga gitt topp prioritering i den nasjonale gjennomgangen til Miljødirektoratet og NVE vidareførast med prioriteringsgruppe 1.1. i planen. Dette gjeld Eidfjordvassdraget, Sørelva og Matrevassdraget. NVE vil vere ansvarleg myndigheit og føreta endeleg vurdering av kostnad og nytte av eventuelle endringar av konsesjonsvilkår.

2. I tillegg til dei 3 vassdraga i prioriteringsgruppe 1.1 rår vassregionmyndigheit Hordaland at Teigdalsvassdraget og Eksingedalvassdraget vert heva frå prioriteringsgruppe 1.2 til prioriteringsgruppe 1.1. Vi viser til fagleg grunnlag for regional prioritering i Norconsult-rapporten : Vassregion Hordaland – Regionale prioriteringar av vasskraftkonsesjonar. Rapporten er vedlegg til planen.
3. Ingen kraftverk vert foreslått kalla inn etter § 66 (konsesjonsinnkalling av gamle kraftverk utan konsesjon) i denne planperioden.
4. Ingen kraftverk vert foreslått kalla inn etter § 28 (omgjering av konsesjon) i denne planperioden.

Innstilling frå Hordaland Vassregionutval:

Hordaland Vassregionutval har representantar for alle kommunar og aktuelle statlege sektormyndigheiter. Vassregionutvalet handsama framlegget til plan i møte 6.10. 2015 med følgjande samrøysta innstillingar.

Sak 8/15

1. *Framlegget Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet.*
2. *Planframlegget sendast til politisk handsaming med sikte på handsaming i Fylkestinget 8.-9. desember. Saka går til KURE og Fylkesutvalet før Fylkestinget.*
3. *Administrasjonen kan gjere forbetringar av plan på språk og presentasjon fram til politisk handsaming.*

Sak 9/15

1. *Framlegget til Tiltaksprogram for Vassregion Hordaland 2016-2021 takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet.*
2. *Planframlegget sendast til politisk handsaming med sikte på handsaming i Fylkestinget 8.-9. desember. Saka går til KURE og Fylkesutvalet før Fylkestinget.*
3. *Administrasjonen kan gjere forbetringar av plan på språk og presentasjon fram til politisk handsaming.*

Sak 7/15

1. *Handlingsprogram for Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2018 takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet.*
2. *Handlingsprogrammet sendast til politisk handsaming med sikte på handsaming i Fylkestinget 8.-9. desember. Saka går til KURE og Fylkesutvalet før Fylkestinget.*

Fylkesrådmannens vurdering

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen. Planen byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag frå databasen www.vann-nett.no. Fylkesrådmannen rår til å vedta plandokument. Fylkesrådmannen går ut frå at dei andre fylkeskommunane gjer tilsvarende vedtak.